

Gudstenester

Sundag 2.11 klokka 16 —

Helgemesse—Minnegudsteneste

Diakoniens dag, Bykle kyrkje

Onsdag 12.11 klokka 12.30 —

Andakt, Bykleheimen

Sundag 16.11 klokka 16—

Sundagsskule, Kyrkjekjeddaren i Bykle

Sundag 16.11 klokka 17 —

Gudsteneste, Fjellgardane kyrkje

Tysdag 25.11 klokka 18 — Bøn for verda, Bykle

kyrkje

Onsdag 26.11 klokka 12.30 —

Andakt, Bykleheimen

Jolemesse i Sæbyggjen

i Valle laurdag 22.november kl 12.00. Det vert sal av lodd, årer, Setesdalssuppe, kaker og småkaker. Andakt kl 13.00 og familiemøte kl 16. Trekning kl 17.00.

Arr: Bykle og Valle Normisjon

Bruktmarknad i Hovden grendehus 15.nov.

Det blir skipa til bruktmarknad i Hovden grendehus laurdag 15.11 klokka 11-15. Send ein epost til: kultur@bykle.kommune.no

om du vil tinge bord.
Arr: Kultur & fritid

Innspel til Sti- og løypeplan

Bykle kommune har starta arbeidet med revidering av gjeldande sti- og løypeplan. Målet med prosessen er å sikre eit godt og framtidsretta tilbod av stiar og løyper for både fastbuande, hytteeigarar og tilreisande, med omsyn til friluftsliv, naturmangfald og lokal verdiskaping. For å kunne lage ein god plan er vi avhengige av eit godt kunnskapsgrunnlag. Vi ønskjer derfor innspel frå dykk med forslag til endringar og forbetringar. For å sende inn innspel så kan de nytte digitalt skjema som de finn på heimesida. Alternativt kan de kan sende e-post til post@bykle.kommune.no eller brev til Bykle kommune, Sarvsvegen 14, 4754 Bykle. Merk innspelet med **22/99**.

Møter i Kyrkjekjeddaren

Det blir møter i Kyrkjekjeddaren 10. og 11. november kl 19.00. Arne Inge Vålansmyr talar.

Arr: Bykle Normisjon

«Kolonistene—tenkingen bak kolonialismen»

Fartein Horgar kjem til Bakken kafé og kulturscene på Hovden 14. nov. klokka 18. Den nye boka hans «Kolonistene» har fått strålende kritikkar, så det er bare å glede seg!

Arr: Bykle folkebibliotek og Kultur & fritid

Finland—vår utsatte nabo

fra russisk storhertugdømme til Nato-medlemskap

Morten Jentoft er journalist og forfatter og har jobba med Finland i store deler av sitt yrkesaktive liv. Han har skrive boka «Finland 1918 – om nordmenn i den finske borgerkrigen», og kjem hausten 2025 med ny bok om Finland og Noreg under 2. verdskrig.



Onsdag 12. November, kl. 13.00 kjem han til Hovden Grendehus med sitt foredrag! Det vert enkel servering! Me ynskjer alle hjarteleg velkomen!

Folkeakademia i Bykle og Valle og Bykle Pensjonistlag!

Inngang: Kr. 100,-



Eigenberedskapsveka

2025 blir skipa til landet over i veke 44, frå måndag 27. oktober. Bykle kommune markerer i samarbeid med Valle kommune satsinga med ulik informasjon på heimeside, Facebook og via Friskus kvar dag veka gjennom.

— Det er viktig å få folk med, for jo fleire som kan greie seg på eiga hand, jo meir ressursar har me til dei som treng hjelpa mest, seier beredskapsansvarleg i Bykle kommune, kommunedirektør Karina Sloth.



Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

November 2025 36. ÅRGANG

TV-aksjon med Bykle i toppen



Eit knippe av dei mange frivillige i Bykle under TV-aksjonen. Frå venstre: Luza Sein, Jael Sein, Oda Haugen og May Linn Haugen.

(Foto: Monica Wathne)

TV-aksjonen 2025 fekk inn over 240 mill. kr. Svalbard var den rausaste gjevaren basert på innbyggjartal med 473 kr., med Utsira som ein solid nr. 2. Bykle vart nr. 1 i Agder og er nr. 7 på den nasjonale lista.

På landsbasis har kvar einaste nordmann gjeve 43 kr. i årets innsamling. Agder ligg på ein 5. plass nasjonalt med eit snitt på 45,63 kr. I Agder er altså Bykle kommune nr. 1 med eit snitt på 204 kr. På lista i Agder finn ein Sirdal på 3. plass, Åseral på 4. plass, Iveland på 5. plass og Valle kommune på 6. plass.

Mange arrangement

Alle arrangementa i Bykle kommune før TV-aksjonen, og ikkje minst innsatsen til alle dei frivillige sjølve aksjonsdagen, har altså gjeve gode resultat for Bykle kommune. I forkant av innsamlinga har skuleelevar og barnehagar engasjert seg i ulike tiltak for å skaffe pengar til Atlas-alliansen.

— Dei fine resultatata for Bykle kommune, og landet rundt, gler meg veldig. Spesielt må eg få peike på leiar i frivilligsentralen i Bykle kommune, Stine Rambekk Gulowsen, som har gjort ein formidabel jobb. Ei stor takk til alle som har langt ned ein innsats, seier Bykle-ordførar Hans Blattmann.

Nye Hemla bru vart opna

Nye Hemla bru på grensa mellom Bykle og Vinje vart opna 22. okt. Hovden Hytteservice AS har vore hovudentreprenør for prosjektet til kring 12 mill. kr.

Høyr no hiera!



Det du les på no er det som skal bli ei ny fast spalte i Byklaren, «Høyr no hiera». I denne spalta kan det mest bli tema—stort og smått

det kan passe med eit skråblikk på. Spalta er også eit forsøk på å krydre Byklaren noko — for Byklaren er ei utgjeving me ynskjer å gjere meir ut av! I Bykle kommune skjer det kvar bidige dag positive ting me ynskjer å få ut—men på heimesida skal det først og fremst vere saker i kommunal regi me skriv om. Byklaren er alternativet der me også kan få fram alt som skjer av lokale arrangement og bygdeinitiativ—og her i kommunen er ikkje det lite! Den dugnadsånden og det engasjementet ein finn i bygd og grend øvst i Setesdal er det i grunnen bare å ta av seg hatten for. I den samanhengen er det naturleg å peike på Hovdenrevyen, som går føre seg akkurat no første helga i november, og som endatil kan skilte med 40-årsjubileum i år. Det er imponerende. År ut og år inn har ei fast kjerne, med stadig nye som har kome til, makta å kome opp med fantasirike sprell og spilloppar frå det nære til det meir regionale. Hovdenrevyen har visst å sparke frå seg—og kreativitet tykkjest gjengen ikkje å gå tom for! Til den innsatsen er det bare eitt å seie: dette er langt over på jamnen!

Mange med på opning av Hovden Fjellbad

Det var knytta stor spenning til opninga av nye Hovden badeland, som no heiter Hovden Fjellbad. Opningshelga vart ein fest der folk i tillegg til å få lauga seg fekk omvisning i det flotte anlegget. Alle gav seg ende over då dei fekk sjå kor imponerende det nye tilbodet på Hovden er!



www.bykle.kommune.no

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 20. kvar månad.

Politiske møter og saksdokument
finn de på heimesida eller følg QR'en



AKTIV PÅ DAGTID

Er du heime på dagtid, eller treng ein pause i arbeidstida og ønskjer å vere med på ein aktivitet saman med andre?

UKEDAG	AKTIVITET	KLOKKESLETT	MØTESTAD	KONTAKTPERSON
MANDAG				
TYS DAG	Yoga	10:00-11:00	Dansesal, Hovden grendehus	Line Steine, tlf: 917 01 414
	Foreldretrim	11:00-12:00	Gymsal, Hovden grendehus	Stine Gulowsen, tlf: 917 87 411
ONSDAG	Turgruppe	11:00-12:30	Hovden Grendehus	Susanne Bergstø, tlf: 921 17 233
TORS DAG	Trimtreff	11:00-12:00	Trimrom, Bykle samfunnshus	Björg Sissel Tveiten, tlf: 901 40 467
	Sterke saman. Instruktor: Stine G.	11:00-12:00 (oddetalveker)	Gymsal, Bykle samfunnshus	Stine Gulowsen: tlf: 917 87 411
FREDAG				

Meir informasjon og oversikt over aktivitetane finn du på bykle.frivilligsentral.no eller på Spond. Skriv inn gruppekode **IFZBR** for å bli med i kultur og fritid spond gruppe.

Hovden grendehus og bibliotek	Bykle samfunnshus og bibliotek
tel. 902 16 856	tel. 902 16 856
- Måndag-torsdag 8-21 - Fredag 8-16	- Måndag 10-16.30 - Torsdag 10-16.30
	Meiropent bibliotek alle dagar 7-23

For spørsmål og informasjon ta kontakt med oss

- Leige pr dag i vekedag er gratis for alle som bur i Bykle kommune.
- Leie pr dag enkeltrom utanom opningstid for lokale lag/org kr 400,-
- Ein kan også leige klubbhuset i Bykle og Flatelandstoga.
- Me i kulturavdelinga hjelper deg gjerne med å få ut info via Spond når det gjeld tilbud rette mot alle barn/unge frå 4.trinn -10. trinn.

Me er på Spond! Kode: IFZBR

kultur@bykle.kommune.no

Facebook: Bykle folkebibliotek, Bykle kommune, Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden.

Tømekalender

Restavfall: 12.11

Matavfall: 12.11, 26.11

Papir, glass/metall, plast: 26.11

Tykkås gjenvinningsstasjon har ope:

Tysdagar klokka 11-13 (næringsdrivande)

Torsdagar klokka 12.30-18.30 (private og næringsdrivande)

Fredagar klokka 10-13 (private)

Første laurdag i månaden klokka 09-13 (private)



6. november Hovden bibliotek

kl 18:00-19:00.

13. november (engelsk) Hovden bibliotek

kl 18:00-19:00.

20. november Bykle bibliotek

kl 18:00-19:00

Språkkafé er ein møteplass mellom tilflyttarar og lokalbefolkninga, som gir mogelegheit til å treffe nye menneske, ha ulike aktivitetar, få praktisert norsk og engelsk i trygge omgjevnader og bli kjent med folk og staden. Vi treng frivillige som vil skravle - både på norsk og engelsk.

Ta kontakt med Stine Gulowsen, tlf: 917 87 411 om du vil bidra som språkvert.



Onsdag 19. November i Bykle samfunnshus NB! 17.30.

Sondre Sundby og Annette Ramm, kjend frå "16 ukers helvete" på TVNorge kjem til Bykle samfunnshus med foredrag om fysisk aktivitet og kosthald. Dette vil du ikkje gå glipp av! Maten er det Fjellgardane filmforeining som står for.

Arr: Kultur & Fritid

Bykle kommune

skal kartlegge behovet for leilegheiter i Bykle. Bykle kommune arbeider med å utforme eit nytt sentrumsbygg på dagens YX-tomt i Bykle. Det er planlagt tilrettelegging for daglegvareforretning og eit mindre næringslokale i første etasje. I andre etasje er planen å bygge seks leilegheiter. No vil Bykle kommune ha innspel om kva slag leilegheiter det er behov for. Sjå den kommunale heimesida for meir informasjon.

HOVDENREVVYEN 2025 FØRTIÅRSKRISA



30. oktober klokka 19
1. november klokka 16 og 19
Billetter: ebillett.no/hovden og grendehuset



Boksirkelen møtast måndag 24/11 klokka 19.00 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "Tobakkshandleren" av Robert Seethaler. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med ☑ Velkomen! Mvh Magnus, Bykle folkebibliotek

Rekrutteringssamling Valle leikarring 22. november

Aldersgruppe 0-6	1.-4. klasse	5.-8. klasse
Kl 11-12.00 Leikarring introduksjon Åse Solbakk	Kl 11-12.00 Halling introduksjon Kjetil Myhren	Kl 11-12.00 Kveding introduksjon Sigrid Berg
Kl 12.00-12.30 Frukt og drikkepause	Kl 12.00-12.30 Frukt og drikkepause	Kl 12.00-12.30 Frukt og drikkepause
12.30-13.15 Halling introduksjon Kjetil Myhren	12.30-13.15 Munnharpe introduksjon Eivind T. L. Knutsen	12.30-13.15 Fele introduksjon Daniel Sanden Warg
13.15-13.30 Frukt og drikkepause	13.15-13.30 Frukt og drikkepause	13.15-13.30 Frukt og drikkepause
13.30-14.00 Gangar introduksjon Tor Espen Helle	13.30-14.00 Kveding introduksjon Sigrid Berg	13.30-14.00 Munnharpe introduksjon Eivind T. L. Knutsen
14.00-14.30 Fellesdans alle grupper	14.00-14.30 Fellesdans alle grupper	14.00-14.30 Fellesdans alle grupper
14.30-15.30 Gratis middag Lapskaus m/flatbraud og saft	14.30-15.30 Gratis middag Lapskaus m/flatbraud og saft	14.30-15.30 Gratis middag Lapskaus m/flatbraud og saft



www.bygdekinoen.no

BYKLE SAMFUNNSHUS

Måndag 11.10

17:00 - "Hvis ingen går i fella"

19:30 -

"Springsteen—
deliver me from
nowhere"

Hovden grendehus

Måndag 24.11

17:00 - "Hvis ingen går i fella"

19.00 - "Trango"



Setesdalskonferansen

samla over 100 deltakarar på Hovdestøylen 23. oktober. Eit tettprogram vart avslutta med festmiddag om kvelden—der Hallvard Homme i Plankontoret AS fekk Setesdalsprisen. Blant aktørane fann ein representantar både for kommunal administrasjon, politikk og næringsliv.



Gratis symjing i Bykle samfunnshus



Onsdagar er det gratis bading i symjehallen på Bykle samfunnshus.

Familiebading, kl. 16:30-18:00.

Vaksenbading, kl. 18:00-19:00.

Det er badevakt med livredningkurs til stades. Tilbodet er gratis, inga påmelding. Tilbodet fylgjer skuleruta 2025.